



FRIVILLIGARBEID I IRLAND: 19 år gamle Andrea Fardal Opseth (fremst) gjennomfører eit volontørpøpplund i Irland. Også på den grøne øya har Andrea fått høve til å driva med fotball. Foto: Privat

Reisebrev frå ein volontør

EG SIT OG tenkjer på alle dei vala ein har her i livet og korleis ting kunne vore dersom ein hadde teke eit anna val. Eg for min del kunne ikkje hatt det betre. I alle fall når eg sit ute på ein sommardag i april, med sol og 20 varmegrader. Og for dei fleste er det vel kanskje naturleg å tenkja «aha, ho er i Spania eller kanskje Italia eller Hellas».

GODT FORSØK! Men nei: Eg er sjølv sagt i Belfast, Nord-Irland. For kva for andre stader kan det vel vera så godt og varmt? Det er vel kanskje eit lita løgn, men det skal eg heller koma attende til seinare. Men over til saka. Det heile byrja vel eigentleg for godt og vel eitt år sidan. Eg var ein av mange som ikkje hadde peiling på kva eg skulle bruka tida mi til etter vidaregåande, og eg søkte på det meste som det gjekk an å søkja på. Ein kveld eg var i prat med nokre venner, fekk eg høyra om noko som dei kalla «Ung i Europa». Og som ung og uvitande visste eg lite, eller meir korrekt, ingenting om kva dette var. Men etter nokre timar framfor dataskjermen vart eg vel vitande om at dette var ein sjansen for alle mellom 18 og 25 år til å reisa ut i Europa og jobba frivillig i eit anna land. Arbeidet kan vera alt frå å dyrka poteter til å arrangera festivalar. Og for å gjera ein lang historie kort: Eg spurte Sogndal kommune som min sendarorganisasjon og sette i gang arbeidet med å søkja på prosjekt. Det var ein heller krevjande prosess sidan det er mange som ønskjer dei same prosjekta.

Eg var på nære nippet til å gje opp, noko som eg heldigvis ikkje gjorde. Og ein vakker dag medan eg låg på sofaen framfor ettermiddagssendingane av såpeoperaene, ringte telefonen min, og eg hadde omsider eit prosjekt som var interessant. Så neste steg var å senda av garde søknad til Staten om stønad til å reisa. Og som dei fleste sikkert kan tenkja seg fram til så fekk eg JA. Så då var det ein ting som stod att, og det var pakking.

SÅ DEN DAG i dag bur eg saman med tre andre jenter som og er volontører, og som jobbar på det same prosjektet som meg. Ei er fransk og det går ikkje an å ta feil av. For ein kan på lang veg høyra hennar fransk-engelsk, og hennar ønske om franske baguetter. I tillegg til fransken har me spansk! Går vel eigentleg ikkje an å ta feil av den dama heller, men den siste derimot er det vanskelegare å setja merkelapp på. Ho er frå vårt broderland Sverige. Me er ganske ulike som typar men me har det heilt topp i lag. I alle fall mesteparten av tida. Me delar på husvasken og ein gong i veka er det av garde på «Tesko» med ein sjekk på 80 pund for handla inn vekas mat. Så er det storinnkjøp og taxi heim. Skal og seiest at me etter kvart byrjar å verta ganske gode kokkar heile gjengen, bortsett frå ein av oss som held seg til pastaen. Eller det vil seia at ho prøver seg innimellom, men resultatet er ei panne som må stå ei veke i vatn. Så me har i den seinare tid tilsett ho som DJ og det funkjer eigentleg

ganske bra!

TIL DAGLEG JOBBAR me på eit senter som kallar seg YMCA. Men nei, det har ingenting med musikk å gjera, sjølv om me ofte får høyra songen når me er ute og jobbar. YMCA er delt i tre seksjonar. Den eine er «gymer» som består av eit styrkjeom og har ulike saltimar. Med andre ord ein liten Sogndal Idrettsenter junior. Den andre avdelinga er «daycare» som er mykje det same som barnehage. Og den siste er ungdomsavdelinga, der me held oss. Her har me mange prosjekt. For dei eldste ungdommane tilbyr me eit slags speidaropplegg, i tillegg til eit politisk program. For dei midt i mellom har me noko som me kallar «Friday night club», der ungdommar hovudsakleg kan koma inn fredagskveldar og ha det kjekt! Det kjem og ungdommar inn etter skuletid og trenar styrke, og me har som oppgåve å halda eit auga med dei. I tillegg er me ute på skular og har skuleprogram. Desse går hovudsakleg ut på å organisera felles aktivitetar for protestantar og katolikkar. Poenget med opplegget er å prøva å få ungane til å skjønna at det er ingenting gale i å vera ulike og ha ulike meningar. For som dei fleste har fått med seg er det ein konflikt mellom katolikkar og protestantar. Katolikane på si side er hovudsakleg opptekne av «å samla Irland til eitt rike», medan protestantane framleis vil at Nord-Irland skal tilhøyra Storbritannia. Dagleg ser me ikkje så mykje til skiljet mellom dei to. Men dersom du tek

deg ein tur rundt i Belfast finn du fort ut kva for område du er i. Du kan sjå dette på flagg i området og dei kjente «murals» som er måleri på husvegger eller steinar langs vegane. Det som sjokkerte meg mest var den store «skiljeveggen», for å skilja protestantar og katolikkar. Veggen er sikkert 20 meter høg. Og det er ikkje berre veggen som skremmer meg, men det faktum at folk faktisk framleis vil ha veggen der for å skilja dei to. Men som sagt, mykje er blitt betre dei siste åra, og det er vanskeleg å forestilla seg alt som har skjedd i dette landet.

DET HAR NVLEGG vore val i Nord-Irland, ut i frå dette skal no to parti, DUP og Sinn Fein, prøva å danna eit nytt styre i lag. Det har vore forsøk på å gjera dette før, men partia har aldri kome til semje så det heile har enda med at det er vorte sendt representantar over frå England for å styra. Men i år ser det ut som om partia kan koma til semje. Med andre ord er ting på veg i rett retning. Belfast er i seg sjølv ein fantastisk by. I sentrum finn du ein blanding av gamle, fantastiske bygg til dei meir moderne bygningane med shoppingmoglegheiter og diverse. I tillegg har du parkane. Og rett utanfor sentrum, 258 meter frå der eg bur, finn du eit enormt naturområde som strekkjer seg heile tre mil. Ein flott moglegheit for ein nordmann som er van med å ha flott natur - Kaupanger-

skogen - like utafor døra. Innbyggjartallet i Belfast er noko større enn i Sogndal, med sine 400.000 innbyggjarar. Byen er og full av attraksjonar, mellom anna Den Botaniske Hage, St. Anne's Cathedral, Ulster Museum, Belfast Castle og mykje meir. På kvart gatehjørne finn du «fish and chips» og på det andre gatehjørnet finn du ein bar. For eg trur det er litt det same med at brunosten er det som gjer oss til nordmenn og ølen er det som gjer ein ire irsk. Og berre for å forsterka inntrykket: Når du cruisar på motorvegen frå Nord-Belfast og inn mot sentrum, der finn du hengande på ein vegg: «Harp - welcome to Belfast». For dei som ikkje veit kva Harp er - det er eit ølmerkje.

VÈRET HER ER ein historie for seg sjølv. Ta til dømes den eine marsmorgonen eg vakna, eg såg ut vindauga, og det var blå himmel og strålende sol. Så eg kledde meg etter været. I det eg entra kjøkenet og ser ut vindauga: regn og grå skyer så langt du kan sjå. Eg åt frukost, for opp att på rommet for å skifta antrekk ettersom det hadde byrja å regna. Eg ser ut vindauga for å vera på den sikre sida, og trur du ikkje det er sol ute att. Så med andre ord: Alt er som det skal om alle dei fire årstidene er representert på ein dag.

FOLK SPØR MEG kvifor i alle dagar eg valde Irland. Ein av grunnane var at eg

hadde eit ønske om å forbeta engelsken min. Men å forstå irar er noko heilt anna enn å forstå engelsk. Ta til dømes den første kvelden eg var i Belfast. Etter ei lang reise og 10 minutt i mitt nye hus bar det av garde til jobben. Eg hugsar eg helste på dei som var til stades og kom etter kvart i prat med ein av dei innfødde. Men kva me prata om veit eg ikkje heilt! Eg er redd eg var samd i det meste. Men det er ikkje berre den første dagen eg har hatt problem med den irske aksenten. Eg var på kurs og med sat og småprata medan me venta på at dei andre gruppene skulle verta ferdige. Eller det vil seia at eg sat vel for det meste og prøvde å skjønna kva dei snakka om. Eg fekk med meg eit eller anna om «brother» og eit tidels sekund seinare fekk eg spørsmålet «do you have big brother»? Og eg la ut om at eg hadde ingen storebror, men ein vetebror på 17. Men det viste seg at det ikkje var søsken dei snakka om, men om TV-programmet «Big Brother». Så det var jo ein bra start på det heile. Men etter som tida går skal det seiest at eg byrjar å få taket på irsk-engelsken.

NO HAR EG vore her i to og ein halv månad og skal vera her til midten av august. Eg har allereie for sett og opplevd mykje som eg ikkje hadde fått oppleve dersom eg ikkje hadde sjansen. I tillegg til arbeidet som frivillig får me tilbod om å vera med på noko

som ein kallar EVS-trening. Her får ein høve til å læra om landet sin historie og kultur, i tillegg til at ein får sjansen til å møta andre volontørar. Og i tillegg til å utforska Belfast, er me godt i gong med å utforska Nord-Irland. Og me har hatt oss ein ferietur over til Skottland og Edinburgh. Så me nyttar kvart høve til å sjå nye stader.

FOTBALLENTUSIAST SOM EG er har eg sjølv sagt vorte ein del av eit av lokallaga i Belfast: Newtownabbey Strikers. Dette er ein fin måte å verta integrert i lokalmiljøet og bli kjend med lokalbefolkninga på. Det seiest at dette er eit år der du utviklar deg sjølv som person og eg er ganske sikker på at eg allereie er godt på veg. Men det einaste eg har merkt så langt er at eg er blitt omskuleert til midtstoppar på fotballbana. Om det er eit steg i riktig retning vil vel tida visa. Men eg har det topp. Om du er mellom 18 og 25 år og vil ha eit år som er litt annleis, er volontør eit godt alternativ. På same tid som du får sjansen til å gje noko av deg sjølv, skal eg lova deg at du får mykje att. Så for å seia som ein ekte ire ville ha sagt det: «It's good crack» - og det betyr: Det er gode saker!

Andrea Fardal Opseth